



KI-notat nr.: 90/2010 - Bakgrunn for vedtak

Søker/sak:	Kvamselva Kraft AS/ Bygging av Kvamselva kraftverk	
Fylke/kommune:	Sogn og Fjordane/ Gaular	
Ansvarlig:	Øystein Grundt	fr Sign.: <i>Ory Berg</i>
Saksbehandler:	Sigrun Birkeland Rawcliffe	Sign.: <i>Sigrun B. Rawcliffe</i>
Dato:	23 DES 2010	
Vår ref.:	NVE 200703514-31	
Sendes til:	Søker og alle som har uttalt seg i saken	

Middelthuns gate 29
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO
Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
E-post: nve@nve.no
Internett: www.nve.no
Org. nr.:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
0827 10 14156

Søknad om tillatelse til bygging av Kvamselva kraftverk i Gaular kommune, Sogn og Fjordane

Innhold

Sammendrag	1
Søknad	2
Høring og distriktsbehandling	3
Søkers kommentarer til høringsuttalelsene.....	12
Planendring.....	13
Tilleggsutredning i Kvamsgjelet.....	14
Tilleggsopplysninger og kommentarer til disse.....	16
Norges vassdrags- og energidirektorats (NVEs) merknader	16
NVEs vurdering.....	21
NVEs konklusjon.....	27

Sammendrag

Kvamselva Kraft AS har søkt om tillatelse etter vannressursloven § 8 til å bygge Kvamselva kraftverk i Gaular kommune, Sogn og Fjordane. Kvamselva drenerer til Dalsfjorden og har samløp med Fauskeelva 300 m nord for Bygstad sentrum. Fall- og grunneierne i tiltaksområdet står bak søknaden.

Kraftverket skal etter reviderte planer utnytte et fall på 248 m, med inntak på kote 265 og utløp kraftstasjon på kote 17. Installert effekt i kraftverket vil være 2,4 MW som er beregnet å gi en årlig middelproduksjon på 9,12 GWh. Prosjektet er omsøkt med slipp av minstevannføring hele året.

En utbygging vil medføre redusert vannføring på en ca. 1200 m lang strekning. Utbyggingen vil berøre ei bekkekløft av regional verdi og anadrom fisk på de nedre deler av tiltaksområdet kan bli skadelidende. Det er fritidsinteresser knyttet til området, bl.a. en turrute til Kvamshesten.

Ingen av høringspartene går imot at det gis konsesjon til prosjektet, men det stilles krav om avbøtende tiltak for at utbyggingen skal være akseptabel. En utbygging vurderes av høringspartene å komme i konflikt med friluftinteressene og anadrom fisk. Inntaket bør av hensyn til fritidsinteressene ved inntaksområdet flyttes lenger ned i elva. Det bør slippes en tilstrekkelig minstevannføring hele året av hensyn til biologisk mangfold og anadrom fisk. Fylkesmannen og Turlaget mener at kraftstasjonen bør utformes med automatisk forbislippingsventil samtidig som den flyttes oppstrøms anadrom strekning. Fylkesrådmannen og Turlaget har påpekt at det er flere kraftverksprosjekt innenfor et begrenset område ved Bygstad, og at disse må ses i sammenheng. Sunnfjord Energi har opplyst om at det ikke er kapasitet i linjenettet til å ta imot produksjonen fra Kvamselva kraftverk, men at det er planer om tiltrengt oppgradering på nettet dersom utbygger tar sin rettmessige del av forsterkningen.

NVE legger vekt på at tiltaket vil gi positive ringvirkninger lokalt og bidra med ca. 9 GWh i ny årlig fornybar energiproduksjon. NVE vurderer at de negative virkningene en utbygging vil få for friluftinteressene, anadrom fisk og biologisk mangfold kan reduseres til et akseptabelt nivå med justeringer av prosjektet. Søker har imøtekommet krav fra høringspartene om flytting av inntaket lenger ned i elva. NVE mener at det må slippes en tilstrekkelig minstevannføring av hensyn til anadrom fisk og for å opprettholde fuktighet i bekkekløfta. Flytting av kraftstasjon og installasjon av forbislippingsventil vil etter vårt syn ivareta hensynet til fisk. Nedgraving av rørgate, revegetering av rørgatetrasé og god terrengtilpasning vil redusere skadevirkningene for landskap og friluftsliv. Med god detaljplanlegging og oppfølging i anleggstiden mener NVE at det vil være mulig å tilpasse anlegget til terrenget på en god måte.

NVE mener at fordelene ved det omsøkte tiltaket er større enn skader og ulemper for allmenne og private interesser slik at kravet i vannressursloven § 25 er oppfylt. NVE gir i medhold av vannressursloven § 8 Kvamselva Kraft AS tillatelse til å bygge Kvamselva kraftverk. Tillatelsen gis på nærmere fastsatte vilkår.

Søknad

NVE har mottatt følgende søknad fra Kvamselva Kraft AS, datert 1.12.2006:

"Kvamselva Kraft AS ønsker å nytte vassfallet i Kvamselva i Gaular kommune i Sogn og Fjordane fylke, og søker med dette om følgjande løyve:

1. *Etter vassressurslova, jf. § 8, om løyve til:*
 - bygge inntakskonstruksjon i Kvamselva på kvote 267.
 - legging av nedgravi tilløpsrøyr frå inntakskonstruksjon til kraftstasjon.
 - bygging av kraftstasjon med installert effekt 2400 KW og avløp i Kvamselva kvote 17.
2. *På vegne av Sunnfjord energi AS søker ein etter energilova om løyve til:*
 - bygging og drift av Kvamselva kraftverk, med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftlinjer som omtala i søknaden.
3. *Etter ureiningslova om løyve til:*
 - gjennomføring av tiltaket"

Hoveddata for prosjektet fremgår av tabellen under:

"Kraftverket

Nedbørfelt (km ²)	6,67
Middelvassføring (m ³ /s)	0,74
Alminneleg lågvassføring (l/s)	40
Inntak på kote	267
Avlaup på kote	17
Brutto fallhøgd (m)	250
Midlare energiekvivalent kWh/m ³	0,579
Slukeevne, maks (m ³ /s)	1,15
Slukeevne, min (m ³ /s)	0,05
Tillaupsrøyr, diameter (mm)	800
Tunnel, tverrsnitt (m ²)	0
Tillaupsrøyr lengd (m)	1100
Installert effekt, maks. (MW)	2,40
Brukstid (t)	3775
Magasinvolum mill. m ³	0
Produksjon, vinter (GWh) (1/10 – 30/4)	4,30
Produksjon, summer (GWh) (1/5 – 30/9)	4,86
Produksjon, årleg middel (GWh)	9,16
Utbyggingskostnad (mill. kr)	12,1
Utbyggingspris (kr/kWh)	1,32

Elektriske anlegg

Generator	Yting MVA	Spennning kV
	2,8	690 V
Transformator	Yting MVA	Omsetning kV/kV
	2,8	0,69/22
Kraftlinjer	Lengd	Nominell spennning kV
	200m	22

Høring og distriktsbehandling

NVE har mottatt følgende høringsuttalelser til søknaden:

Gaular kommune har i Formannskapet den 11.12.2008 vedtatt følgende:

1. Gaular kommune gjev, med heimel i Plan- og bygningslova §7, dispensasjon frå gjeldande kommuneplan vedteken 28.06.2001 i sak nr.K33/01, men med atterhald om godkjenning frå offentlege høyrings- og godkjenningsinstansar.
2. Gaular kommune tilrår at Kvamselva Kraft AS får løyve til å byggje Kvamselva kraftverk i Kvamselva, men med den endring at inntaksdammen må flyttast om lag 100 meter lengre ned.

3. *Kvamselva Kraft AS skal søkje om bygging av inntaksdam og bygning for kraftverket på vanleg måte. Byggesøknaden skal handsamast av Gaular kommune etter Plan- og Bygningslova § 93.*

Vi refererer følgende fra saksutredningen:

"Området der kraftverket er tenkt bygd er i gjeldande kommunedelplan/kommuneplan for Gaular kommune, vedteken 28.06.2001 i sak nr.K33/01, definert som LNF-område. Det er ikkje reguleringsplan for området. Det vil seie at det enten må gjennomførast regulering av området slik at reguleringsplanen gjev rom for bygging av kraftverk, eller det må søkjast om dispensasjon frå arealplanen.

Ole Kristian Spikkeland Naturundersøkelser har på oppdrag for Kvamselva Kraft AS gjort registreringar og vurderingar av naturtypar og raudlista artar i tilknytning til den planlagde utbygginga. Etter vurderingane som er gitt blir inngrepet vurdert som lite negativt.

Konsesjonshandsaminga skal, etter informasjon frå NVE, gjennomførast etter reglane i kap 3 i vassressurslova. Det går ikkje heilt klårt fram i lovverket kva rolle kommunen har i samband med denne handsaminga. Med støtte i Statens Byggetekniske etat sin vegledning om sakshandsaming i byggsaker §7 meiner teknisk sjef at kommunen i denne samanheng berre skal ta stilling til arealdisponeringa. Teknisk sjef meiner at bygningar m/bygningstekniske installasjonane er søknadspliktige og skal handsamast etter Plan og bygningslova § 93.

Området som kraftverket er planlagt i er etter gjeldande kommuneplan for Gaular kommune, vedteken 28.06.2001 i sak nr.K33/01, er definert som LNF-område. Ei utbygging slik den er skissert vil plassere inntaket i skogsområde og kraftstasjonen i område som er dyrka mark. Utbygginga vil ikkje vere til vesentleg hinder for landbruksinteressene i området. Rørtraseen som blir lagt skal fyllast over med stadlege masser og vil etter ein del år ikkje vere synleg i terrenget. Den korte avstanden til eksisterande kraftlinje og planlagt jordkabel gjer at uttaket av straum ikkje vil medføre nye luftspenn i området.

Området rett ovanfor planlagt inntaksdam er etter det teknisk sjef kjenner til, mykje nytta som friluftsområde, og for å unngå konflikt med desse interessene, tilrår rådmannen at inntaksdammen må flyttast om lag 100 meter lengre ned."

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har uttalt følgende i brev datert 21.1.2009:

"(..)

Landskap og friluftsliv

Kvamselva er lite synleg i landskapet ved at den er nedskoren i landskapet og omgjeven av skog. På austsida av elva er det tette plantefelt med gran, på vestsida er det hovudsakleg lauvskog. Området er påverka i dag gjennom jordbruk, skogbruk (granplanting) og skogsvegar.

Av nye inngrep er det planar om bygging av 50 m ny veg fram til kraftstasjonen og forsterking av eksisterande traktorveg fram til inntaksområdet. Inntaksdammen vert ein damterskel av betong med lengde 30 m og største høgde 2,5 m, areal 0,5 da. Tilløpsrøyra med ei lengd på 1100 m vert grave ned på heile strekninga. Samla vil inngrepa knytt til utbygginga truleg ha liten innverknad på landskapsbiletet.

Området er lett tilgjengeleg pga. skogsvegen og vert nytta av lokalbefolkninga til tradisjonelt friluftsliv som turgåing, bærplukking og jakt. Enden av skogsvegen, ved planlagt inntaksdam, er eit populært turmål med trimpost og ein fin badeplass under fossen like oppstraums inntaket.

Området vert og nytta av det lokale 4H-laget "Den grønne riddar", som har tilrettelagt området med ei inngjerding for leiraktivitetar, sjå vedlagt bilete. Fjellområdet Kvamshesten – Langeland er med i Fylkesdelplan for arealbruk som viser viktige regionale og nasjonale friluftsområde i fylket. Kvamshesten ligg majestetisk og sentralt til, og er eit av dei viktigaste turmåla i dette friluftsområdet. Det går turruter til Kvamshesten på begge sider av Kvamselva. Når det gjeld området sin verdi for friluftsliv viser vi elles til uttale frå Sogn og Fjordane Turlag. Inntaksområdet ligg ope til og er godt synleg frå skogsvegen/stien til Kvamshesten og det populære området ved enden av skogsvegen. Vi meiner at inntaksdammen bør trekkast lenger ned for å ta vare på friluftslivsinteressene knytt til inntaksområdet. Ved å trekke inntaket ned til ca. kote 245 vil ein unngå oppdemming og konflikt med bade- og leirplassen. Inntaket vil og bli mindre synleg frå skogsvegen/stien til Kvamshesten. For å ta vare på landskap og naturmiljø i inntaksområdet bør utbyggar leggje stor vekt på å utføre dei fysiske inngrepa slik at dei skjemmer minst mogeleg i landskapet. Vi vil tilrå at det vert nytta mest mogeleg naturstein i/ved inntaksdammen i staden for reine betongkonstruksjonar.

Naturmiljø, biologisk mangfald

Det er utarbeidd ein eigen rapport om biologisk mangfald for prosjektet. Det er registrert naturtypen bekkekløft med verdivurdering "lokal verdi". Naturtypen er relativt godt utvikla over ei strekning på ca. 500 m langs Kvamselva mellom ca. kote 120 og kote 240.

Det synast ikkje som om området er nærare kartlagt jf. utgreiinga av biologisk mangfald knytt til søknaden. Bekkekløfta synast lite eksponert for sol og potensialet for å finne særleg fuktcrevande og sjeldne artar er tilstades. Vi meiner difor at lokaliteten, sjølv om den berre er registrert med "lokal verdi", bør kartleggjast nærare av ein mose-/lavspesialist før eventuelt løyve vert gitt.

Undersøkingar av miljøverknader av små kraftverk (FoU-prosjekt i NVE), viser at dei mest utsette artsgruppene ved utbygging av småkraftverk er lav, mosar og fugleartar knytt til vassdrag. Dei mest utsette artsgruppene ved utbygging av småkraftverk og fauna i sjølve elva/vasstrengen er ikkje undersøkt. Det bør difor vere minstevassføring i elva heile året. Det er ikkje i tråd med moderne vassdragsforvaltning å tørreleggje elvestrekningar, og ein ev. konsesjon for kraftutbygging bør ikkje føre til at elvestrekningar blir tørrlagt. Ut i frå "føre-var-prinsippet" er det uheldig å ta bort vassføringa, vi meiner difor at det må sleppast ei restvassføring heile året, tilpassa årstidsvariasjonar i vassføring. Slepping av ei minstevassføring vil redusere skaden på det biologiske mangfaldet ved ei utbygging, både når det gjeld fisk, fugl, insekt og planteliv. Det er vanskeleg å angi kor stor vassføring som må sleppast for å ta vare på biologisk mangfald knytt til elva. Søknaden gir ikkje grunnlag for å fastsetje ei slik vassføring og vi har ikkje kunnskap om kva krav eventuelle sjeldsynte lav- og moseartar set til vassføring. Ved ei nærare kartlegging av lav- og moseartar av spesialist, bør det difor og vurderast kva krav som bør setjast til vassføring i elva.

Fossekall er knytt til vassdraget. Fossekallen er avhengig av botndyr/vasslevande insekt. For å oppretthalde elva sin produksjonen av vasslevande insekt, og moglege reirlokaltetar, må det vere stabil vassføring i elva heile året.

Inngrepsfrie naturområder (INON)

På grunn av eksisterande skogsveggar vil det planlagde inngrepet ikkje redusere INON-områder.

Fisk og fiske

Det vandrar sjøaure og laks opp i nedre del av Kvamselva, opp til strykpartia ovanfor den kommunale vegbrua. Det er elles vanleg brunaure i vassdraget, men på grunn av bratt terreng er det ikkje fiskeinteresser på den planlagd utbygde elvestrekninga ovanfor laks- og sjøaureførande strekning.

Undersøkingar utført av Rådgivende Biologer i desember 2000 <http://www.radgivende-biologer.no/images/491.pdf> viser at Kvamselva ned mot samløp med Fauskeelva har høge tettleikar av ungfisk. Av fire stasjonar undersøkt av Rådgivende Biologer, tre i Kvamselva og ein i Fauskeelva, var stasjon 3 ovanfor samløp Fauskeelva den stasjonen med markert størst tettleik av lakse- og aureyngel. Fiskeundersøkingane viser at Kvamselva før samløp med Fauskeelva har stor verdi som gyte- og oppvekstområde for laks og aure. Vi meiner difor at kraftstasjonen bør trekkjast noko lenger opp til ovanfor brua slik at den lakse- og sjøaureførande elvestrekninga ikkje vert redusert.

Ved uføresette utfall av kraftstasjonen vil elva nedstraums kraftverket kunne bli tørrlagt slik at fisken strandar. For å unngå dette meiner Fylkesmannen at det må installerast automatisk forbisleppingsventil i kraftstasjonen. Kapasiteten på ventilen bør vere om lag halvparten av turbinens største slukeevne. Dersom gyte- og oppvekstområda vert tatt vare på gjennom å flytte kraftstasjonen oppstraums brua, og krav til forbisleppingsventil, er tiltaket akseptabelt for fisk og fiskeinteressene.

Ureining, vasskvalitet og støy

Kraftstasjonen skal plasserast nær busetnad, veg osv. Det bør leggjast stor vekt på støydempende tiltak knytt til ny kraftstasjon. Støynivået bør halde seg innanfor tilrådde støygrenser i T-1442 "Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging". Jf. Punkt 3.1 "Anbefalte støygrenser ved planlegging av ny virksomhet eller bebyggelse" om støy frå industri m.v.

Det er ikkje venta at vasskvaliteten vil endre seg på grunn av vassuttaket. Vi ser det som lite sannsynleg at vasskvaliteten vil bli vesentleg endra av omsøkt tiltak. I høve til ureiningslova er tiltaket difor lovleg.

Dersom det viser seg at tiltaket fører til skader eller ulemper ein ikkje er klar over eller har opplysningar om no, kan det bli aktuelt å vurdere tilhøvet til ureiningslova på nytt. Tiltakshavar kan vidare bli erstatningspliktig for ev. skader/ulemper som følgjer av tiltaket.

Landbruk

Utbygginga forventast å få positiv betyding for næringsgrunnlaget til dei gardsbruka som er delaktig i realiseringa av kraftverket.

Tilråding

Fylkesmannen vurderer at denne utbygginga er konfliktfull i høve til friluftsliv og fisk og fiskeinteressene. Utbygginga er likevel på visse vilkår akseptabel i høve til allmenne interesser. Inn tatt bør trekkast noko lenger ned for å ta vare på friluftslivinteressene knytt til inntaksområdet. Kraftstasjonen bør og flyttast lenger opp for å ta vare på gyte- og oppvekstområde for laks og sjøaure.

Andre krav til ev. konsesjon er at:

- inntaket vert gjort minst mogleg synlege med for eksempel forblending
- det må vera minstevassføring minimum tilsvarande 5-persentil vassføring sommar og vinter
- dersom nærare undersøkingar viser at bekkekløfta inneheld sjeldsynte artar og at desse treng høgare minstevassføring enn 5-persentilen, må dette ivaretakast gjennom pålegg om større restvassføring. Ved ev. funn av raudlista artar som er fuktrevjande bør ikkje naturleg vassføring reduserast.
- det må installerast automatisk forbisleppingsventil i kraftstasjonen
- det må takast omsyn til vegetasjonen i området og kantvegetasjon langs vassdraget må ikkje fjernast, jf. § 11 i vassressurslova."

Sogn og Fjordane fylkeskommune fattet følgende vedtak i fylkesutvalget 11.3.2009:

"(...)

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune rår til at konsesjon vert gitt, ut frå at dei økonomiske fordelane av tiltaket vert vurderte til å vere større enn ulempene og kraftverket vil styrkje næringsgrunnlaget lokalt.
2. Av omsyn til friluftsliv bør inntaket flyttast eit stykke nedover langs elva.
3. Av omsyn til biologisk mangfald, bør minstevassføringa frå inntaket aukast til eit nivå tilsvarande femte lågaste vassføring om sommaren (86 liter/sek) og alminneleg lågvassføring om vinteren (40 l/sek).

Vi refererer fra saksutredningen:

"6. FYLKESRÅDMANNEN SI VURDERING AV FORDELER OG ULEMPER, EVT. NYE FORSLAG TIL AVBØTANDE TILTAK

Fordelane ved tiltaket er fyrst og fremst av økonomisk karakter og knytt til energiproduksjon på 9,2 GWh/år. Kraftverket vil bidra til lokalt næringsgrunnlag og skatteinntekter. Aktuelle ulemper vil vere knytt til bygningsmessige tiltak (inntaksdam, rørgate, kraftverksbygning, kabeltrase, vegbygging) og redusert vassføring i Kvamselva.

Automatisk freda kulturminne

Sogn og Fjordane Fylkeskommune har i dag ikkje kunnskap om automatisk freda kulturminne i det arealet som vert råka av kraftutbygginga for Kvamselva kraftverk.

Vi ser likevel at delar av området har potensiale for funn av automatisk freda kulturminne. Dette gjeld spesielt nedre del av traseen for røyrgata, areal for kraftstasjonen og trase for jordkabel. På nabogarden Bygstad gnr 123, er Bygdehogjen lokalisert. Denne haugen inneheldt ei særmerka grav frå vikingtid. Haugen med eit tverrmål på 20 meter inneheldt eit tømra rom på 2,9 x 2,3 meter med ei mengde jarnsaker frå vikingtid, deriblant våpen, reiskap og handelsutstyr. Frå andre stader på garden er det kjent minst 3 større haugar. Tydeleg har garden Bygstad stått sentralt her i vikingtid. Garden Kvamme med områda i kring har nok også vore ein del av dette sentrale området på Bygstad.

På bakgrunn av oversendt søknad om konsesjon og med området si kulturhistoriske tilknytning vurderer vi det som naudsynt å gjennomføre arkeologiske registreringar i delar av planområdet, jfr §§ 9 og 10 i Lov om kulturminne.

Kulturminne frå nyare tid

Dersom viktige og markerte kulturminne frå nyare tid, etter år 1537, kan bli direkte eller indirekte råka av planlagde tiltak, må tiltaka justerast på ein slik måte at kulturminna kan takast vare på.

Deler av røyrgata ligg i eit variert kulturlandskap med areal til slått og beite. I den grad det er mogeleg, må det ikkje gjerast skade på kulturlandskapselement som vegar, steingardar, bakkereiner, bygningar eller andre synelege spor etter tidlegare landbruksaktivitet i området. Gamle ræser og vegar er å sjå på som kulturminne og viktige element i landskapet. For å få minst mogeleg synelege spor i landskapet og ei raskare revegetering, er det viktig å nytte naturleg vegetasjon frå staden (torv) til overdekking av grøftene.

Samla vurdering

Gaular kommune, Fylkesmannen og Sogn og Fjordane Turlag ønskjer at inntaksdammen vert flytta eit stykke nedover elva. Kommunen foreslår flytting ca. 100 meter nedover langs elva, Fylkesmannen foreslår kote 245 som høveleg stad og Turlaget ein stad mellom kote 250 og 260. Ovanfor den planlagde inntaksdammen er det eit mykje brukt turmål med trimpost og ein fin badeplass under fossen lenger oppe. Området vert også brukt til leirplass for 4H. Flytting eit stykke nedover vil også gjere inntaket mindre synleg frå stien til Kvamshesten. Fylkesrådmannen er samd i desse vurderingane, men har ikkje grunnlag nok for å kunne foreslå presis plassering av inntaket.

I søknaden er det foreslått slepping av minstevassføring om sommaren tilsvarende alminneleg lågvassføring. Dette er i søknaden vurdert til å vere nok med tanke på biologisk mangfald. Fylkesmannen og Sogn og Fjordane Turlag er usamd i dette og forslår at sleppinga vert auka monaleg. Fylkesrådmannen er samd i desse vurderingane og vil legge til at for Bygstad-området kan sumverknader av fleire utbyggingar innafør eit relativt lite område, også peike i retning av det må settast krav om høgare minstevassføring. Fylkeskommunen handterte i 2008 eit prosjektet i Selselva vest for Kvamshesten og no ligg det også føre søknad for Yndestad minikraftverk i Fauskeelva litt øst for samløpet med Kvamselva. I 2007 vart det vidare gitt konsesjon for utbygging av Skyggelva kraftverk inst i Dalsfjorden like sør for Bygstad. Denne elva er godt synleg over store deler av Bygstadområdet og er difor eit viktig landskapselement.

Fylkesrådmannen foreslår slepping av minstevassføring tilsvarende femte lågaste vassføring om sommaren (86 liter/sek) og alminneleg lågvassføring om vinteren (40 l/sek). Av søknaden går det fram at den årlege kraftproduksjonen med dette avbøtande tiltaket vil bli redusert til 8,63 GWh.

7. KONKLUSJON/TILRÅDING

Fylkesrådmannen rår til at konsesjon vert gitt, ut frå at dei økonomiske fordelane av tiltaket vert vurderte til å vere større enn ulempene og kraftverket vil styrkje næringsgrunnlaget lokalt. Av omsyn til friluftsliv bør inntaket flyttast eit stykke nedover langs elva. M.a. av omsyn til biologisk mangfald, bør minstevassføringa frå inntaket aukast til eit nivå tilsvarende femte lågaste vassføring om sommaren (86 liter/sek) og alminneleg lågvassføring om vinteren (40 l/sek)."

Statens Vegvesen Region Vest har i brev datert 3.10.2008 uttalt:

"Statens vegvesen har gått gjennom søknaden og har ikkje merknader til etablering av Kvamselva Kraft AS.

Vi minner om at alle nærføringar og kryssingar av offentleg veg med kabel/leidning, avkøyrslé eller dispensasjon frå byggegrense skal søkast om på vanleg måte. Medfører etablering av kraftverket endra vassføring i vassdrag der det finst konstruksjonar (bruer, fundament m.m.), som er knytt til fylkes- eller riksvegar, må det planleggast og utførast tiltak som sikrar desse konstruksjonane ved endra vassføring."

Sogn og Fjordane Turlag har i brev datert 12.12.2008 uttalt følgende:

" (...)

Om friluftsliv i det aktuelle området:

Kvamshesten som ligg like nordvest for utbyggingsområdet, ligg inne i eit regionalt viktig friluftsområde (jf fylkesdelplanen for arealbruk), og er eitt av dei aller viktigaste høge turmåla i Sunnfjord.

Ei av dei gamle hovudrutene til Kvamshesten går oppover langs vestsida av Kvamselva, vest for Kvamsstølen og opp langs elva til austenden av Skardavatnet. Derfrå kan ein enten gå den mest vanlege ruta nord for vatnet og opp på Kvamshesten frå vest, eller ein kan gå den meir krevjande ruta opp austryggen på Kvamshesten. Berre den nedste delen av ruta er merka av på kartet i NVE-atlas. Tidlegare var dette sannsynlegvis den mest brukte ruta til Kvamshesten. I dag er truleg ruta via Kårstadstølen den mest brukte, men ruta langs Kvamselva er framleis i aktiv bruk. Det same er ruta på austsida av Kvamselva. Særleg er den brukt opp til Kvamsstølen, men også vidare til Kvamshesten. I sum er turrutene langs Kvamselva viktige! Bruken er både lokal og regional.

Indre Sunnfjord Turlag (IST) si turrute "Frå hav til bre", som er under utbygging, kryssar Kvamselva lenger nord i vassdraget og kjem ikkje i direkte konflikt med utbygginga. Turruta startar i Stongfjorden i vest, går via hyttene Nipebu og Massbu, på sørsida av Kvamshesten og vidare til Bringeland/ Langeland. Frå Langeland skal ruta vidareførast austover mot Jostedalsbreen.

Kommentarar til utbyggingsplanane:

Slukevna for den planlagde kraftstasjonen er minimum 6,8 %, maksimum 155 % av middel-vassføringa noko som er ei nokså normal vassutnytting for småkraftverk.

Inntak: Dette kjem heilt inntil turstien på austsida av elva (som følgjer traktorvegen), og nokså nær turstien på vestsida. Ettersom vi ikkje har vore på synfaring, er det vanskeleg for oss å vurdere plasseringa, men vi ber NVE vurdere om det kan vere ein fordel å plassere den eit kort stykke lenger ned i elva viss ein der kan finne ein stad der terskelen vert kortare og der dammen, kanskje, vert mindre synleg frå skogsvegen/turstien. Vi tenkjer oss i så fall ein stad mellom kote 250 og 260. Bedømt ut frå kartet, kan ei slik plassering verte bra, men terrenget kan "seie" noko anna, så dette må synfarast! Ettersom inntaket kjem nær to turstiar, er det viktig at det vert utforma slik at det vert minst mogeleg synleg. Kanskje kan den eine eller begge endane av dammen dekkast til med stein/jord på nedsida, slik at ein kortare del vert synleg?

Røyrgate: Det er positivt at heile røyrgata skal gravast ned! Bedømt ut frå kartet, ser det ut som den øvre ca. halvdel av røyrgata skal gå litt i "berg og dalbane". Vi går ut frå at den endelege traseen blir meir tilpassa terrenget.

Kraftstasjonen: Det er positivt at det skal lagast vasslås for å redusere støyen frå anlegget. For å redusere støyen ytterlegare, ber vi om at det også vert vurdert å nytte vasskjølt anlegg. Dette vert meir og meir vanleg, og er ein stor fordel, spesielt når det er varmt om sommaren.

Det er usikkert kor viktig den nedste delen av Kvamselva er for anadrom fisk. Kanskje er dette eit meir eller mindre viktig gyte- og oppvekstområde, kanskje ikkje. Vi ber NVE krevje at det vert laga ei tilleggsutgreiing om fisk for denne strekninga. Avhengig av resultatet av denne utgreiinga, ber vi NVE sterkt vurdere:

- *Flytting av kraftstasjonen til oppstrøms anadrom strekning.*
- *Å stille krav om installering av omløpsventil i kraftstasjonen.*

Vi presiserer at ut frå våre tradisjonelle friluftsinteresser, har vi ingen merknader til den konsesjonssøkte plasseringa av kraftstasjonen, det er omsynet til fisk og fiske som må vere avgjerande for den.

Vegbygging: Vi har ingen spesielle merknader, men ber om at det vert lagt vekt på å "pusse opp" langs vegen, og at vegen får høve til å bli mest mogeleg grøn, slik at den i tillegg til å vere tilkomst til inntaket, også kan vere ein fin turveg.

Kraftlinjer: Ingen merknader.

Kommentarar til verknadane av utbygginga:

3.1 Hydrologi: Verken Ullebøelv, med eit meir lågtliggande nedbørfelt enn Kvamselva, eller Hovefoss, i ei mykje større elv med store innsjøar, er særleg gode for å vurdere hydrologien i Kvamselva. Kombinasjonen av dei to, vert betre, men vi er i tvil om den er god nok. Med ein så relativt stor, høgtliggande del av nedbørfeltet som det er i Kvamselva, er det mogeleg at vintervassføringa er overvurdert og sommarvassføringa er undervurdert. Sett frå vår synsstad er dette lite viktig, bortsett frå når det gjeld storleiken på 5-persentil sommarvassføring. Vi reknar det som sannsynleg at den skal vere høgre enn 86 l/sek. Men vi presiserer at dette er "synsing" frå vår side, vi har for lite kunnskap til å vurdere dette skikkeleg. Vi ber NVE nytte sin fagkunnskap til å vurdere spørsmålet.

3.4 Biologisk mangfald og verneinteresser: Av Biologisk mangfald-rapporten går det fram at det går opp anadrom fisk i den nedste delen av Kvamselva, og det er, slik vi tolkar rapporten, tilrådd at det vert gjennomført ei tilleggsutgreiing for anadrom fisk. Som alt nemnt, ber vi NVE krevje dette. Det er kompetanse på området i Sogn og Fjordane, så dette bør vere ei enkel sak å få gjennomført. Avhengig av resultatet av utgreiinga, ber vi NVE vurdere ein kombinasjon av fleire tiltak som flytting av kraftstasjonen, installering av omløpsventil, stor minstevassføring heile året, tiltak i elva oppstrøms kraftstasjonen (viss den ikkje blir flytta).

I Kvamsgjelet er det ei lang bekkekløft. Øvst i gjelet er det også ein liten foss. Verken fossen eller ei eventuell fosseeng i tilknytning til den, står det noko om i Biologisk mangfald-rapporten. Verdien av bekkekløfta er sett til "Lokal verdi". Inntrykket vi – med rette eller urette – får av Biologisk mangfald-rapporten, er at Kvamsgjelet er dårleg undersøkt for biologisk mangfald, og at verdisettinga har eit nokså skjønsmessig preg. Inntrykket vårt er at det er trong for å gjennomføre ei tilleggsundersøking av det biologiske mangfaldet i Kvamsgjelet for å få betre grunnlag for å fastsette verdien, (kanskje er der raudlistartar?) og for å få betre grunnlag for å

sette krav til storleik på minstevassføringa. Vi håpar/ber om at Fylkesmannen og NVE, som i motsetning til oss har fagkunnskap på området, vurderer grundig om det er trong for ei tilleggsutgreiing om biologisk mangfald i Kvamsgjelet!

3.8 Kulturminne: Bedømt ut frå ei samanlikning mellom karta i www.fylkesatlas.no og i konsesjonssøknaden, ser det ut som røyrgatetraseen vil kome svært nær Tussehøgen, som i følge Fylkesarkivet er "Det mest kjende funnet frå forhistoria i Gaular er frå Tussehøgen på garden Bygstad. På folkemunne er namnet Bygdehøgen meir vanleg. Haugen vart utgraven i 1909 av arkeologen Haakon Shetelig og restaurert etterpå slik at har si opphavlege form." For fullstendig omtale sjå:

http://www.sffarkiv.no/sffbasar/default.asp?p=result&db=dbatlas_leks&spraak_id=1&ptype=single&art_id=77. Vi går ut frå at andre høyringsinstansar vurderer nærare ein eventuell konflikt med dette svært viktige kulturminnet.

3.11 Brukarinteresser: Når det gjeld friluftsliv, viser vi til første side i fråsegna. Noko vi ikkje har nemnt der, og som vi er usikre på fordi vi ikkje har vore på synfaring, er i kva grad fossen øvst i Kvamsgjelet er synleg frå turstiane som går på begge sider av elva. Både synet og lyden av fossar er viktige for naturopplevinga når ein går på tur!

4. Avbøtande tiltak: Vi ser positivt på dei tiltaka som er omtala i konsesjonssøknaden. I tillegg viser vi til det vi har skrive tidlegare i fråsegna i omtalen av inntaket og kraftstasjonen.

Minstevassføring: Ut frå omsynet til mellom anna biologisk mangfald, særleg i bekkekløfta, ber vi om at det vert slept minstevassføring heile året. Vi vil tru at 40 l/sek er nok minstevassføring om vinteren, men om sommaren meiner vi at 86 l/sek er for lite. (Sjå det vi tidlegare har skrive om at 5-persentilen om sommaren truleg er større.) Vårt framlegg er at minstevassføringa om sommaren vert sett til 150 – 200 l/sek. Vi ber NVE vurdere storleiken på minstevassføringa grundig!

Sumverknadane av mange utbyggingar i Bygstad-området:

Vi er urolege for at det blir svært mange utbyggingar innanfor eit lite område rundt Bygstad:

- Skyggeelva sør for Bygstad har alt fått konsesjon. Med fine fossar/fossestryk er den eit viktig landskapselement.
- Selselva er under konsesjonshandsaming. Den er også godt synleg og viktig i landskapet på store delar av utbyggingsstrekninga.
- I Yndestad kraftverk skal ein foss i Fauskeelva byggast ut.
- Denne utbygginga.

Informasjon, som vi dessverre ikkje kan dokumentere, indikerer at det er planar om minst ei utbygging til i det same området. Totalt kan det bli mange utbyggingar innanfor eit avgrensa område. Konsekvensane/sumverknadane av dette er noko vi ber NVE vurdere. Vi reknar ikkje Kvamselva som den mest kontroversielle av desse utbyggingane, så viss nokon søknadar skal avslåast, trur vi det bør vere ein av dei andre. Viss ingen søknadar vert avslåne, ber vi NVE redusere dei negative konsekvensane for landskap, biologisk mangfald m.m. gjennom å fastsette strenge konsesjonsvilkår med mellom anna høge minstevassføringar for alle utbyggingane!

Samandrag av Turlaget sitt syn på utbygginga:

Kvamselva kraftverk er i konflikt med friluftslivet, men ikkje i så stor grad at vi ønskjer å gå mot utbygginga. Avbøtande tiltak som vi har skissert tidlegare i fråsegna, vil gjere utbygginga

akseptabel sett frå vår synsstad. Vi er urolege for sumverknadane av mange i eit avgrensa område, og ber NVE nøye vurdere kva som kan gjerast for å avgrense dei totale negative verknadane.”

Sunnfjord Energi AS har i brev datert 10.11.2008 uttalt:

”(…).

Sunnfjord Energi AS (SE) har tidlegare orientert konsulent og på offentlig møte om behovet for nettforsterkingar i Gaular kommune dersom dette og fleire andre kraftverk skal realiserast.

Det er ikkje plass på dagens nett til Kvamselva Kraftverk.

SE har imidlertid planar om nettforsterkingar i området, dersom utbyggjarane tek sin rettmessige del av forsterkinga.

Val av teknisk løysing og dermed kostnadar med nettforsterkingar for Kvamselva Kraftverk er avhengig av utfallet av kraftverksplanane i området. Transformatoren på Sande sekundærstasjon lyt erstattast med ein større 66/22 kV eller overgang til 132/22 transformering. I tillegg lyt eksisterande 22 kV nett frå Kvamselva mot Sande sekundærstasjon/Stakaldefossen/Fauske bytast ut. Det blir også sett på alternativ med ein ny stasjon på Fauske.

Utbyggar må ta kontakt for meir oppdatert informasjon for kostnadar og framdrift når konsesjon eventuelt føreligg.”

Søkers kommentarer til høringsuttaalelsene

Søker har i brev av 23.3.2009 kommentert høringsuttaalelsene:

”(..)

1. Gaular Kommune si fråsegn:

Det går fram av punkt 3. Att byggjesøknaden skal handsamast etter Plan og Bygningslova § 93. Det er NVE gjennom godkjenning av detaljplaner som handsamar byggesøknaden. Elles har ein ingen merknader til uttalen.

2. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane:

Naturmiljø, biologisk mangfald-

Bekkekløfta som er i området er i stor grad omgitt av gran som er planta som ikkje veks naturleg i området. I ein slikt stort granfelt vil det vere lite lys som slepp ned til området langs med elva. Luftfuktigheita vil også vere svært høg. Samstundes fører dette til att elva syner lite i landskapet. Tiltakshavar har kontakta firma med kompetanse på mose, lav og karplanteflora og bedt om kartlegging av bekkekløfta.

Flytting av inntak, kan godta noko flytting nedover elva ca 2-3 meter mindre fallhøgde, men det må ikkje føre til att ein kjem ned mot bekkekløfta der det ikkje er mogeleg å etablere eit godt fungerande inntak.

Minstevassføring det er søkt om slepping av 40 l/sek om sommaren, tabellen på side 15 i konsesjonssøknaden. Syner effekten på årleg produksjon ved slepping av ulike vassmengder. Når elva er lite synleg er det tiltakshavar si meining att slepping av minstevassføring heile året tilsvarende alminneleg lågvassføring 40 l/sek ivareteke det biologiske mangfaldet. Dette vil redusere produksjonen med 0,31 GWh til 8,94 GWh.

Fossekall restvassføring kjem i tillegg til dei 40 l/sek som er føreslege over, medels restvassføringa er berekna til 40 l/sek ved kraftstasjonen. Det tilseier att det i elva framleis skulle vere gode forhold for fossekall. Fisk og fiske forholda over vil også gjelde for fisk då dei ikkje kan gå oppover i det brattare parti av elva grunna vandringshinder.

Installasjon av forbisleppingsventil vil hindre stranding av fisk nedstraums kraftstasjon

Støy viser til avbøtande tiltak i konsesjonssøknaden.

3. Sogn og Fjordane Turlag:

Viser til merknadane til Fylkesmannen over då uttalen tek opp mange av dei same problemstillingane.

4. Statens Vegvesen:

Ein har ingen merknader til fråsegna frå Statens vegvesen.

5. Sunnfjord Energi AS:

Tiltakshaver er i dialog med Sunnfjord Energi og vil ta sin rettmessige del av kostnad til nettforsterking.

6. Sogn og Fjordane Fylkeskommune.

Punkt 2. i fråsegna viser merknad til fylkesmannen. Punkt 3. i fråsegna tiltakshavar føreslår minstevassføring heile året på 40 l/sek."

Planendring

Søker har sendt inn en planendringssøknad datert 15.5.2009:

"Kvamselva Kraft AS søker om å auke maksimal slukeevne frå 155 % av middelvassføring til 175 % av middelvassføring. Det tilsvarer auke frå 1,15 m³/sek til 1,30 m³/sek.

Minste slukeevne vert uendra 50 l/sek.

I øvre del av røyrgate vert diameteren på tilløpsrøret auka frå 800 mm -900 mm. I nedre del vert den uendra.

For 1989 som er våtåret vil det vere 86 dagar med vassføring større enn største slukeevne, 9 dagar med vassføring mindre enn minste slukeevne.

For 1994 normalåret vil det vere 73 dagar med vassføring større enn største slukeevne, 128 dagar med vassføring mindre enn minste slukeevne.

For 1996 tørråret vil det vere 33 dagar med vassføring større enn største slukeevne, 50 dagar med vassføring mindre enn minste slukeevne.

Berekna produksjon:

<i>Konsesjonssøknad</i>	<i>9,16 GWh</i>
<i>Produksjon justert for minstevassføring heile året</i>	<i>- 0,31 GWh</i>
• <i>reduisert fallhøgde 2 m</i>	<i>- 0,08 GWh</i>
• <i>auka slukeevne til 175 %</i>	<i>+ 0,35 GWh</i>
<i>Sum justert for endringar</i>	<i>= 9,12 GWh</i>

Utbyggingskostnader

Det er ikkje venta vesentlege endringar i totalkostnader. Røyrgata vil verta noko kortare, men auka røyrdimensjon, større trafo og generator vil utlikne dette. Kostnad pr kw vil verte 1,33 kr.

Miljø og naturresursar

Flytting av inntak vil unngå inngrep i det flate partiet under fossen, viser til bilda frå fylkesmannen.

Slepping av alminneleg lågvassføring heile året vil gi vatn utover restvassføring heile året. Auka slukeevne til 1,3 m³/sek, vil ikkje påverke forholda før tilsiget er over 1,15 m³/sek opphavleg søknad. Ved tilsig utover 1,15 m³/sek vil overløpet bli noko redusert. Tiltakshaver vurderer dei samla verknadane av endringane til å vere små.”

Tilleggsutredning i Kvamsgjelet

På bakgrunn av Fylkesmannens uttalelse har Bioreg AS på oppdrag fra søker utført en kartlegging av bekkekløften Kvamsgjelet med hensyn til spesielle hensynskrevende arter, oversendt NVE per e-post 12.9.2009. Vi gjengir sammendraget av rapporten:

”SAMANDRAG

Bakgrunn

Kvamselva Kraft AS har planar om å byggja eit kraftverk i Kvamselva i Byggstad i Gaular kommune i Sogn og Fjordane fylke.

I samband med dette stiller statlege styresmakter (Direktoratet for naturforvaltning, Olje- og energidepartementet) krav om at eventuelle førekomstar av raudlistearter og artsmangfald elles i utbyggingsområdet skal undersøkjast. Det er tidlegare utført ei slik registrering i og ved denne elva av Ole Kristian Spikkeland (Spikkeland 2006), og denne rapporten er meint som eit supplement til den opphavlege rapporten. I eit brev frå NVE datert 6. mars 2009 går det fram at det truleg vil verta kravd ei kartlegging av sjølve bekkekløfta, både med omsyn til plantar, mose og lav. På oppdrag frå tiltakshavar har Bioreg AS gjennomført ei registrering av slik vegetasjon i bekkekløfta i Kvamselva, Kvammegjelet for den delen av elva som ligg oppstraums skogsvegen som kryssar elva omlag på kote 120 moh. og opp til om lag 240 moh. For resten av utbyggingsområdet viser vi til hovudrapporten, Spikkeland (2006).

Utbyggingsplanar

Bortsett frå at tiltakshavarane har søkt om å få auke maksimal slukeevne frå 155 % til 175 % av middelvassføring, så er planane uendra sidan Spikkeland gjorde si undersøking. Vi viser difor til hans rapport, samt konsesjonssøknaden kva gjeld utbyggingsplanane.

Metode

NVE har utarbeidd ein vegleiar (Revidert veileder nr. 3/2009), ”Dokumentasjon av biologisk mangfald ved bygging av småkraftverk (1 - 10 MW).” Metoden skildra i vegleiaren er lagt til grunn i denne rapporten. Informasjon og datagrunnlag er henta frå hovudrapporten (Spikkeland, 2006), samt eige feltarbeid 10. juli 2009.

Vurdering av verknader på naturmiljøet

Konsekvensvurderingane nedanfor bør sjåast i samanheng med Spikkeland (2006) samt vurderingane i siste del av kap. 3.

Den undersøkte bekkekløfta, Kvamsgjelet, er ei bekkekløft med stor diversitet og særleg verkar mosefloraen å vera artsrik. Ei undersøking av kløfta den 10. juli 2009 viste eit stort artsmangfald av nærings- og fuktkevjande mosar, noko som viser at det er stabilt høg luftfukt i kløfta, men også at berggrunnen er rik der. Raudlisteartar utanom treslaget alm (NT), vart likevel ikkje påvist på denne lokaliteten. Av lav vart det også registrert nokre gode signalartar slik som rundporelav og buktporelav.

Naturverdiar. Innafor undersøkingsområdet er Kvamsgjelet avgrensa og verdisett som naturtype av Spikkeland (2006). Kløfta fekk da verdien; Lokalt viktig – C. Vi har endra denne verdisetjinga til; Viktig – B, på grensa til ein A – lokalitet.

Samla verdivurdering av den undersøkte elvestrekninga, dvs. Kvamsgjelet er difor av oss vurdert som middels/stor.

Omfang og verknad. Då denne bekkekløfta er djup og for det meste svært trong har vi vurdert at ei utbygging av Kvamselva berre vil medføre middels/lite negativt omfang for naturverdiane i den undersøkte bekkekløfta. Hovudgrunngevinga for dette er at det truleg ikkje trengs så store mengder vatn i elva for å halda ei akseptabel høg luftfukt i elva. Riktig nok er mosesamfunna langs elver og bekkar kjenslevare for fluktuerande vasstand og vassdragsreguleringar generelt, men dei registrerte artane er mindre knytt til sjølve elva enn til rike sigeflatar og generelt rik berggrunn i kløfta. Om ein held saman verdi og omfang, så vert verknaden (konsekvensen) av det planlagde tiltaket vurdert å verta middels negativ for dei kartlagde naturverdiane i Kvamsgjelet.

Avbøtande tiltak

Diverre veit ein lite om tålegrenser kva gjeld uttørking av ymse mosesamfunn. Ein må gå ut frå at ei ev. utbygging av denne elva vil medføre at den undersøkte lokaliteten får generelt lågare luftfukt, noko som kanskje gjev einskilde mosar ringare livsvilkår. For å bøta på dette, samt ta omsyn til botnfaunaen i elva bør ein difor oppretthalda ei vassføring som tilsvarar minst alminneleg lågvassføring, helst 5-persentilen.

Usikkerheit

Registrerings- og verdiusikkerheit. Bekkekløfta vart oppsøkt, undersøkt og vurdert, både med tanke på mosar, lav og plantar. Vi meiner at erfaring kombinert med vurdering av potensial for funn av sjeldne artar vil gje ei ganske god sikkerheit i registrerings- og verdivurdering. Det er likevel muleg at ymse artar kan ha vorte oversett, og det kan nok vera eit visst potensial for raudlista mosar, men neppe fleire enn alm (NT) frå dei andre to artsgruppene.

Usikkerheit i omfang. Ut i frå dei registreringane og verdivurderingane som er gjort, og slik planane er skissert, så meiner vi at usikkerheita i omfangsvurderingane er relativt liten for dette prosjektet.

Usikkerheit i vurdering av konsekvens. Sidan vi meiner at usikkerheita både i registreringane, verdivurderingane og omfangsvurderinga er relativt lita, men likevel til stades i nokon grad, så vil det også vera litt usikkerheit knytt til konsekvensvurderinga.”

Tilleggsopplysninger og kommentarer til disse

I etterkant av NVEs befarings ble søker bedt om å svare på følgende:

1. Vis alternativ plassering av inntaket lenger ned i elva. Beregn ny produksjon, fremføring av rørgate og ev. utfordringer ved denne løsningen.
2. Vis alternativ plassering av kraftstasjonen ovenfor brua i nærheten av det gamle kraftverket. Oppgi ny produksjon, vis rørgatetrasé og gjør en prioritering av alternativene.

Søker har besvart spørsmålene i e-post datert 4.12.2009:

"(...)

1. *Har tidlegare justert inntak ned med ca 2 m, sjå vedlegg berekna til å utgjære 0,08 GWh. Om ein flytter tilsvarende 1 m til vil det utgjære 0,04 GWh. Bør halde på justert inntak beskrive i brev av 15.05.2009. Unngår inngrep i turområdet under fossen med dette. Om ein trekker inntaket lengre ned vert tilkomsten vanskeleg. Hamnar også svært djupt i terrenget.*
2. *Antatt reduksjon i fallhøgde ca. 4 m tilsvarende 0,16 GWh ved plassering på tomte for gammel kraftstasjon. Ny rørgatetrasé: Sjå vedlagde teikning. Prioriterer alternativ i konsesjonssøknad."*

Søker har også sendt inn et nytt detaljkart med ny plassering av inntaket, på kote 265, ny rørgatetrasé og kraftstasjon ovenfor brua.. Rørgatetraseen vil med denne løsningen gå noe nærmere elva på midtre del, men ellers tilnærmet følge opprinnelig trasé.

Norges vassdrags- og energidirektorats (NVEs) merknader

Om søker

Kvamselva Kraft AS står som søker og vil stå for utbyggingen og drift av kraftverket. Selskapet er et privat aksjeselskap eid av grunneierne med fallrettigheter. Målsetningen for utbyggingen er å styrke næringsgrunnlaget for grunneierne og styrke bosetningen i området.

Om søknaden

Det er søkt om tillatelse etter vannressursloven § 8 til å bygge Kvamselva kraftverk i Kvamselva i Gaular kommune. Det er søkt etter energiloven om tillatelse til å installere tilhørende elektriske anlegg, og etter forurensningsloven om tillatelse til gjennomføring av tiltaket.

Kraftverket vil i følge planendringen utnytte et fall på 248 m, med inntak på kote 265 og kraftstasjon på kote 17 i Kvamselva. Kraftverket er planlagt med installert effekt på 2,4 MW og vil ved reviderte planer gi en årlig middelproduksjon på 9,12 GWh. Søker foreslår å slippe en minstevannføring på 40 l/s hele året.

Beskrivelse av området

Kvamselva drenerer til Dalsfjorden. Elva har samløp med Fauskeelva 300 m nord for Bygstad sentrum. Nedbørfeltet ved samløpet er på 7,5 km², og strekker seg fra 15 moh. og opp til Kvamshesten på 1200 moh. Det ligger noen små vann i øvre del av nedbørfeltet i ca. 700 m høyde. Lengre ned ligger Kvamsstølen, og deretter et parti med bjørkeskog og et flattere myrområde. Elva renner relativt bratt nedover mot Bygstad, her er landskapet preget av større parti med grov granskog på østsiden av

elva. Elva går i dype gjel i det bratte partiet, for deretter å flate ut nord for Bygstad sentrum der det er store flater med dyrka mark. Kvamsgjelet er vurdert som en verdifull bekkekløft av regional verdi og blir berørt av utbyggingen. Nedbørfeltet er beitepåvirket av sau og storfe.

Kvamselva er lite synlig i landskapet og fra omkringliggende omgivelser, fordi den går dypt nedskåret i terrenget og er omkranset av tett vegetasjon opp til skoggrensa på om lag kote 400-500.

Vegetasjonen i området er vurdert å være alminnelig rik. Artsmangfoldet i bekkekløfta er imidlertid vurdert å ha stor diversitet med en artsrik moseflora. Det er ikke påvist rødlistede arter her annet enn treslaget alm (NT).

Eksisterende inngrep i vassdraget

En kommunal veg krysser Kvamselva med ei bru noe ovenfor planlagt kraftstasjonstomt. Et gammelt kraftverk som var i drift frem til 1970-tallet ligger rett oppstrøms brua på østsida av elva. Det ligger også rester etter den gamle rørgata i dagen. På vestsiden går det en skogsbilveg opp i lia som krysser elva på ca. kote 130 og ender i en velteplass. Herfra går det traktorveg øst for elva frem til kote 270.

Teknisk plan

Inntak

Inntaket vil etter justerte planer plasseres på kote 265. Det er planlagt et tradisjonelt overflateinntak med damterskel av betong. Terskelen vil få en lengde på i underkant av 30 m og største høyde på 2,5 m. Terskelen vil bli utstyrt med tapperør for slipp av minstevannføring og tappeventil for utspyling av grus og sand. Inntaket blir plassert i ytterkanten av damterskelen i god avstand fra overløpet.

Rørgate

Fra inntaket vil driftsvannet føres i et om lag 1000 m langt rør. På øvre del vil røret få en diameter på 900 mm i glassfiberarmert plast, på nedre del vil røret bestå av støpejernsrør med diameter på 800 mm. Rørgaten vil legges i grøft og vil bli overfylt med løsmasser og stedlige masser etter anleggsperioden for raskest mulig revegetering.

Kraftstasjon

Kraftstasjonen er planlagt på østsiden av elva nedstrøms brua der den kommunale vegen krysser elva, på kote 17. Avløpet vil bli ført ut i elva 100 m nedstrøms brua. I avløpskanalen blir det installert vannlås med bjelkestengsel for å hindre støy. Kraftstasjonsbygningen vil få et grunnflateareal på 60 m² og bli utformet med mønetak, torv og trepanel.

Elektriske anlegg

Kraftstasjonen er planlagt installert med en peltonturbin på 2,4 MW, med en samlet slukeevne på 1,30 m³/s, og en generator på 2,8 MVA med spenning 0,69 kV. Det vil bli installert en hovedtransformator med ytelse 2,8 MVA omsetning fra generatorspenning 0,69 kV til 22 kV. Kraftverket vil tilknyttes eksisterende 22 kV -nett via en 200 m lang jordkabel. Tilknytningspunktet er på enden av eksisterende linje. Det er behov for opprusting av lokalnettet (22 kV) fra Bygstad til Sande samt trafostasjon for å ta imot kraftproduksjonen fra alle de småkraftprosjektene som er omsøkt i området. Kvamselva

kraftverk vil ta sin rettmessige del av opprustningen av nettet i forhold til effekten på de andre planlagte kraftverkene i området.

Områdekonsesjonær er Sunnfjord Energi.

Veier

For atkomst til kraftstasjonen på kote 17 er det behov for å anlegge en 50 m lang avstikker fra den kommunale veien. Ellers vil eksisterende veinett benyttes, men vil forsterkes fram til velteplass. Skogsveien som går videre opp til inntaket skal etter utbyggingen være kjørbare med 4WD-bil fram til inntak på barmark.

